



Frå fellesøving ein gong i april.

Kvar korist nyttar nok kvar ledig stund heime til å læra tekstar og øva på intrikate tonar som skal sitja - helst som spikra - før torsdag kl. 19.00, for då går advenskonserten av stabelen i Helgheim.

Sidan det berre er plass til få nummer for kvar aktør i julekonserten i kyrkja 10.12., har koret funne det høvande å arrangera denne konserten for å syna at me kan fleire julesongar. Samstundes kan det verta høve til å høyra nokre aktørar som ikkje så ofte står fram, nemleg Kvinnherad Folkemusikklag og barnekoret Nattergalen. I tillegg vil det verta solosong ved Sofie Amalie Øvstebø (medlem i Nattergalen).

Dei som råkar til å kjøpa dei rette lodda, vil og kunna få med seg gevinstar som er høvande for den tida me no er inne i. Basarbolken vil verta stutt og effektiv.

Nytt dette høvet til å få litt fri frå TV, sølv puss og anna julestri!
Me kjem til å pynta salen og røysta som berre det!

Intervjuobjekt: Svein Rimestad
Intervjuar: Svein Rimestad
Foto: Svein Rimestad
Nett: Thor Inge Døssland